

Skjævesland, 19.januar 1955.

Herr Andreas Ropeid.

Dykkar brev med spørsmål om bromskog m. m.

Når eg har venta så lenge med svaret, er det for ved høve å få tala med fleire eldre folk om spørsmålet.

Den vanlege tydinga her av ordet brom er, som De seier, friske kvister, serleg av björk med knuppar på. Og beit er kvister av andre treslag.

Namnet bromskog trur eg helst er meint i vid tyding : Fór frå skogen = brom, beit og skav. Rett nok seier Ivar Aasens Norsk Ordbok: Brumskog m. Lövtreer, især Birk: modsat Barskog. Helg (eland).

Når lagmann Laurits Anderssen Undall talar om skadeverknader på kveget, må dette tyda på at ordet bromskog er teke i vid tyding.

Ein gamal mann eg talte med her i Öyslebö, sa etter dei gamle, at ein måtte ikkje gje kua furebar. Ho kunne bli sjuk og daua. Heller ikkje eik. Lindeskav og Lindelauv måtte ikkje kua få, då fløyten ikkje let seg kinna til smör om ho hadde fenge sløkt fór. At bar og serleg bæra på barlind er fårleg for husdyra å eta, er kjent.

Eg har aldri høyrte at brom av björk kunne verka skadeleg for husdyra. Og lagmannen kan truleg difor ikkje ha meint brom i vanleg trong tyding når han talar om brumskove. Som lagmann på Agder, og truleg buande på lagmannsgarden Holmegaard i Holum her i Mandalen, med stor gard, 12 huder, der så å seia alle norske treslag er representert - skulle ein tru han hadde godt kjenskap til alt hjelpefór frå skogen.

Eg meiner altså at bromskog må takast som nemnt i vid tyding. Meir enn dette kan eg diverre ikkje seia. Ein bör ikkje strekkja seg lenger enn skinnfelden rekk, og kan ikkje lyfta seg sjölv etter håret.

Beste helsing

*Erik Skjævesland.*

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fyslebo

Emne: Beit og brom

Bygdelag:

Oppskr. av: Erik Skjævesland.

Gard: Skjævesland.

(adresse): Fyslebo

G.nr. 82 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Ja, slikt før hev vore nytta hev tidlegare, men det er mest heilt slutt no. Ris og brom er kjent. Før brukte dei namnet beit. No hev eg berre høyrst ein <sup>gamal</sup> mann som kjende dette namnet. Brukte bjørk, osp, og raun og fleire slag. Furubar, furutoppar og -griner var og nytta.

2. Broma. Kanskje hev dei og sagt: å beita og risa. Å broma hev eg høyrst. Turskilt slede kjenn eg ikkje til. (Beitskeiv (beidesjev, iv) talar timmerrmennene um når det gjeld husbyggjing. Ordet kjem kanskje av å halda noko fast - på plass. - Og so i ordlag som: å vera i beit med - eg blei så i beita).

3. Um vinteren og våren. Det er ikkje vanleg no å taka kua heim med kvistene på. Før i tida var det mange som hadde ein ris kost på tunet der sauer og geiter kunde gnava og eta. Brom hevta dei på vårkanten (vårvinteren).

4. Lauvkniv, sigd og øks. Lauvkniven og sigden var mest som dei som no er i handelen. Same sigden som dei skar åker med.

5. Kuv, sau og geit fekk dette føret.

6. Dei hadde ein kost-beitekost på tunet eller utanfor låv. Hev ikkje høyrst at dei slepte kua

2  
ut til beitekosten um vinteren, derimot sau og  
geit. Til sau og geit tok dei ofte inn små furu-  
toppar og greiner med baret på, som dei gnøv  
og åt av. Som nemnt er det mest heilt slutt  
med beit og brom no.

7. Denne skikken kjenner eg ikkje til.

— " —  
Bonde Ola Björnstöl, Lurdeland, som  
er 70 år gl. og bur i ei anna bygd i sokna,  
fortel: Dei gamle talte um beit, no høyrer  
ein ikkje det ordet. Når beitet spreitt um våren,  
kallar ein det léme (trykk på e-en og lang e)  
Kanskje det er rettare å seia at det er brom  
dei kalla léme (?). For samla dei "kråkeföter"  
som dei tildels rekna med under namnet  
brom. — Kråkeföter er ein plante som grov på  
vollemark og greiner seg ut som kråketar — kan  
bli nokso lang. På tina mark i april riv dei  
denne planten upp. Kan riva upp lange styk-  
ke på 3 fot eller meir. Kunde berre heims fleire  
byrer med kråkeföter.